




Kultur- og Kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0032 OSLO



UTKAST TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT OM MÅLBRUK I OFFENTLEG TENESTE

Vi viser til høyringsbrevet frå departementet, dat. 18.04.06.

Som statleg utdanningsinstitusjon i konkurranse med private og utanlandske aktørar er høgskolen generelt betenkt over å flytte fokus og stadig meire ressursar frå arbeid med studiekvalitet og læringsmiljø, fagleg utviklingsarbeid og FoU-verksemd og over til kontroll- og rapporteringsarbeid utanom primæroppgåvene. Vi trur og at å stille så spesifikke krav til språkbruk og dokumentasjon i dei einskilde kategoriane, som det no leggjast opp til, ikkje tener haldninga til det underrepresenterte målføret. Slik vi ser det, har Språkrådet i dag så mange viktige oppgåver i å fremje eit godt og levande norsk språk at problem med å føre statistikk over målbruken til ein fast dato, ikkje kan vere av dei alvorlegaste.

Høyringsutkastet til endringar i forskrifta følgjer så langt vi kan sjå framlegga i Stortingsmelding nr. 7 (2005-2006) og Innst. S. nr. 98 (2005-2006). På det grunnlaget har Høgskolen i Sør-Trøndelag ingen merknader til tekstendringane i forskrifta.

Med helsing

Ole A. Brønmo (sign.)
høgskoledirektør

Leif Ingar Finborud
Leif Ingar Finborud
rådgjevar